

EVALUERING AV SVEIO SIN ENERGI- OG KLIMAPLAN

Gjeldande energi- og klimaplan for Sveio kommune blei godkjend i 2011. Planen blei utarbeidd av konsulent frå Rambøll AS i samspel med administrasjonen i Sveio kommune. Planen gjeld i utgangspunktet for perioden 2011-2016. Planarbeidet var eit samarbeid mellom kommunane Sveio, Etne og Bokn.

Planen blei utarbeida som ein temaplan og målsetjingar og tiltaksplan skulle så langt råd implementerast i kommuneplanen. Målsetjinga var å etablere felles energi- og miljømål for å sikra ei berekraftig utvikling, samstundes som ein skulle få reiskap til å sikra heilskapsomsyn i alle saker knytt til energi og miljø i kommunen.

I planen vert mellom anna gjennomført planarbeid, energisituasjonen i Sveio kommune og status for klimagassutslepp presentert. Planen har også eit kapittel om klimatilpassing og korleis eit endra klima kan påverke natur og kultur i Sveio kommune. Dei siste kapitla i planen presenterer moglege verkemiddel, mål og tiltak og handlingsprogram.

I kommunestyremøte 6. mars 2017 stilte representanten Ole-Ørjan Hov (MDG) spørsmål ved oppfølginga av planen og om det var planar for eventuell evaluering av planen. I samband med førespurnaden er det utarbeida ein status over mål og tiltak som er gjennomført.

Kort oppfølging av planen 2011-2017.

Energi- og klimaplanen for Sveio er delt i 8 kapittel.

Kap 1: Innleiing

Kap 2: Mandat og rammer for planarbeidet

Kap 3: Energisituasjonen i Sveio kommune

Kap 4: Status for klimagassutslepp

Kap 5: Klima i endring – lokale konsekvensar og behov for tilpassing

Kap 6: Kommunale verkemiddel og påverknad

Kap 7: Mål og tiltak for redusert energibruk og lågare klimagassutslepp

Kap 8: Prioriterte tiltak og vegen vidare - handlingsprogram

Første del av planen er ei kartlegging/omtale av dagens situasjon i kommunen. Andre del er føreslegne mål og tiltak på bakgrunn av første del. Presentasjonen under tek utgangspunkt i kapittel 7, der mål og tiltak for redusert energibruk og lågare klimagassutslepp blir vist.

Kapittel 7. Mål og tiltak for redusert energibruk og lågare klimagassutslepp.

Kapittelet har fem delkapittel:

«7.1 Lågare energiforbruk ("ENØK")

7.2 Fornybar energibruk

7.3 Klimavenleg energiproduksjon

7.4 Lågare klimagassutslepp

7.5 Administrative og organisatoriske mål»

Kvart delkapittel har frå to til seks mål, og det er til saman formulert 31 tiltak. Under vert oppfølging av alle mål og tiltak kommentert:

«7.1 Lågare energiforbruk ("ENØK")»:»

«7.1.1 Mål»

«7.1.1.1 Energibruk i kommunale bygg og eigedomsmasse pr m² pr år skal innan 2016 reduserast med minimum 10 % i høve til gjennomsnittleg årleg forbruk i åra 2005-2009.»

Kommentar: Klimaplanen viser ei oversikt over energiforbruk per m² i kommunale bygg i alle år frå 1999-2008. Det er ikkje teke fram tall som viser at ein har oppnått måla.

«7.1.1.2 Nye kommunale bygg skal vere energimessige førebilete i Sveio-samfunnet.»

Kommentar: Nye kommunale bygg vert oppført i samsvar med forskrift (TEK-10). Det er ikkje bygd kommunale bygg etter 2011 som ut frå klimaomsyn er vesentleg betre enn forskrift, men dei er vurderte å vera laga med gode «energiegenskaper».

«7.1.1.3 Effektivisere energibruken i næringsbygg og industriell verksemd i kommunen.»

Kommentar: Det er lagt henvisning til enova sine sider på heimesida slik at næringsaktørar kan finne informasjon som gjeld problemstillinga og relevante støtteordningar.

«7.1.1.4 Etablere system for kontinuerleg oversikt og vurdering av energibruk i kommunal bygningsmasse og verksemd.»

Kommentar: Det er ikkje innført slikt system. Ei rekke kommunar i Noreg har etablert sentralisert system for oversikt og styring av energibruk.

«7.1.2 Tiltak kommunal bygningsmasse»

«7.1.2.1 Energiforbruk i kommunale bygg og anlegg vert kartlagt årleg, og samanlikna med ENOVA sine statistikkar. Klargjere årleg kva som må til for å nå målet om reduksjon på 10 % innan 2016.»

Kommentar: Det er ikkje gjort kartlegging i samsvar med tiltaksformulering.

«7.1.2.2 Kommunen skal i planperioden søkje om og gjennomføre minst eitt konkret ENØK-prosjekt med stønad frå ENOVA.»

Kommentar: Kommunen kan moglegvis ha søkt om støtte ein gong, men ein har ikkje fått pengar frå Enova.

«7.1.2.3 Installere sentralt driftsstyringssystem (SD-anlegg) i alle større kommunale bygg med årleg energibruk over 200 000 kWh.»

Kommentar: Det finst i nesten alle kommunale bygningar, men ikkje alle. Det er ikkje sett av midlar til dette i økonomiplanen .

«7.1.2.4 Nye kommunale bygg skal byggjast som lågenergibygg med fleksibel oppvarming.»

Kommentar: Nye bygg er oppført i samsvar med forskrift eller betre enn minimumskravet. Det er fleksibel oppvarming i nye kommunale bygningar. Det har ikkje vore budsjetttrammar til lågenergihus i byggjeprojekta.

«7.1.2.5 Etablere system for kontinuerleg oversikt og vurdering av energibruk i kommunal bygningsmasse og verksemd.»

Kommentar: Dette tiltaket er ikkje følgt opp. Dette tiltaket heng elles saman med tiltaka 7.1.2.1. og 7.1.2.3.

«7.1.3 Tiltak hushald og fritidsbustader»

«7.1.3.1 Informasjonen til husstandane i kommunen om energibruk og energisparing, skal betrast.»

Kommentar: Det er lagt henvisning til enova sine sider på heimesida slik at huseigarar kan finne informasjon som gjeld problemstillinga og relevante støtteordningar.

«7.1.3.2 Det skal etablerast ein funksjon i kommunen som ivaretek informasjon om ulike tilgjengelege stønadsordningar.»

Kommentar: Det er lagt henvisning til enova sine sider på heimesida slik at ein kan finne informasjon som gjeld problemstillinga og relevante støtteordningar.

«7.1.4 Tiltak industri og næringsbygg»

«7.1.4.1 Utveksle informasjon om ulike stønadsprogram overfor næringslivet, private byggeigarar og industri, med oppmoding om å søkje, og kommunal bistand til søkjeprosessen.»

Kommentar: Det er lagt henvisning til enova sine sider på heimesida slik at ein kan finne informasjon som gjeld problemstillinga og relevante støtteordningar.

«7.1.4.2 Påverke næringsliv og industri til gjenbruk av energi til eigen bruk.»

Kommentar: Det er lagt henvisning til enova sine sider på heimesida slik at ein kan finne informasjon som gjeld problemstillinga og relevante støtteordningar.

«7.2 Fornybar energibruk»

«7.2.1 Mål»

«7.2.1.1 Alle nye kommunale bygg skal ha system for vassboren varme.»

Kommentar: Alle kommunale bygg etter 2009 er bygd med vassbåren varme. Dette gjeld;

- Vigdartun (før 2009)
- Sveio sjukeheim (før 2009)
- Kommunehuset (ny del)
- Vikse skule
- Omsorgsbustader

Ved oppgradering av Sveio skule og framover vert det lagt til rette for dette i nytt bygg.

«7.2.1.2 Oppvarmings- og kjølebehov skal så langt mogleg dekkast av fornybar energi.»

Kommentar: Behovet skal dekkjast av varmpumper.

«7.2.2 Tiltak»

«7.2.2.1 Kommunen skal oppfordre husbyggjarar til å byggje etter standarden "passivhus", og gje generell informasjon om miljøtiltak og stønadsordningar.»

Kommentar: Det er lagt henvisning til enova sine sider på heimesida slik at ein kan finne informasjon som gjeld problemstillinga og relevante støtteordningar.

«7.2.2.2 Kommunen informerer om prosjektet www.oljefri.no, som kan hjelpe til å erstatte oljefyring med eit klimavenleg alternativ.»

Kommentar: Sveio kommune har så langt ikkje utarbeidd rutinar for å informera om prosjektet www.oljefri.no – og dette vil det kanskje vera meir naturleg å ta opp når det blir etablert eit HBR-iks.

«7.2.2.3 For nye bustadprosjekt med meir enn 30 bustader og bygg større enn 500 kvm brutto, skal det leggjast til rette for alternative energiløysingar. Dette kravet vert innarbeidd i kommuneplanen sine retningslinjer.»

Kommentar: Kravet er innarbeidd i kommuneplanen sine generelle retningslinjer men det er i liten grad følgt opp i reguleringsplanprosessane. Det har vore særskilt få planar dette gjeld. Kravet må vurderast på ny i samband med føreståande kommuneplanarbeid.

«7.3 Klimavenleg energiproduksjon»

«7.3.1 Mål»

«7.3.1.1 Auka bruk av biobrensel skal bidra til reduserte klimagassutslepp.»

Kommentar: Biobrenselsanlegget i Sveio sentrum brann ned til grunnen i mars 2014. Anlegget er ikkje bygd opp igjen. Saka som omhandla rehabilitering og utviding av Sveio skule i 2014-2016 hadde fortsatt flisfyring og evt utviding av leveransen til nye delar av

skulen som tema. Det er per no ikkje sikkert om det blir bygd opp igjen biobrenselsanlegg i Sveio kommune. Saka med flisfyring har vore til vurdering i kommunestyret og saka vart nedstemt.

«7.3.1.2 Kommunen skal utgreie potensialet for bruk av sjøvatn som varmekjelde i Sveio kommune, t.d. varmepumpe mot sjø.»

Kommentar: Dette er ikkje gjort.

«7.3.1.3 Utgreie vindkraftpotensialet i kommunen»

Kommentar: Spørsmålet om vindkraft har vore til vurdering i så vel førre kommuneplanarbeid som i kommunestyret. Kommuneplanen opnar ikkje for nokre større vindkraftprosjekt men eit mindre og særst avgrensa areal er sett av i kommuneplanen etter innspel frå Haugaland Kraft. Arealet er ikkje opparbeida. Det har i tillegg vore søkt to konsesjonar for vindkraftanlegg i kommunen. Begge prosjekta har trekt sine meldingar til NVE og det er såleis ikkje nokre planar om utbygging av vindkraft i Sveio på dette tidspunktet.

«7.3.2 Tiltak»

«7.3.2.1 Kommunen kontaktar aktuelle universitet / høgskular for om mogleg å få mastergradsstudentar til å skrive oppgåve om alternativ energiproduksjon i kommunen.»

Kommentar: Det er ikkje tatt slike initiativ frå kommunen. Slike tiltak krev ressursar i kommunen til oppfølging.

«7.3.2.2 Kommunen skal vurdere potensialet for bruk av sjøvatn som energikjelde til oppvarming og kjøling gjennom å sjå etter område der fleire bygg kan nytte same kollektorslange og eventuelt også felles varmepumpe. Dette kan gjelde både offentlege og private næringsbygg som ligg nær sjø, og andre planar om graving til veg, vatn kablar etc må takast med i vurderinga.»

Kommentar: Det er ikkje tatt slike initiativ frå kommunen.

«7.3.2.3 Det skal leggjast til rette for auka uttak, produksjon og omsetjing av biobrensel i kommunen.»

Kommentar: «Viser her til kommentar under punkt 7.3.1.1».

«7.3.2.4 Kommunen skal leggje til rette for etablering av lokale varmeleverandørar / firma med basis i landbruksnæringa.»

Kommentar: Det er ikkje gjennomført slike tiltak etter 2011.

«7.3.2.5 Vurdere enklare tiltak for ombygging til bruk av biobrensel i eksisterande kommunale bygg.»

Kommentar: Viser til kommentar under punkt 7.3.1.1. Det er ikkje vurdert tiltak ut over dette.

«7.3.2.6 I mindre bygg som ikkje har vassboren varme skal kommunen vurdere bruk av småvarmepumper til oppvarming av ventilasjons- og romluft.»

Kommentar: Det er innført der det er hensiktsmessig.

«7.4 Lågare klimagassutslepp»

«7.4.1 Mål»

«7.4.1.1 Kommunen skal arbeide for at den kommunale bilparken vert meir klimavenleg.»

Kommentar: Det er ikkje lagt inn relevante føringar i innkjøpsreglement eller liknande eller kjøpt/least ikkje-fossile bilar.

I anbod for nye innkjøp/leasing av bilar (Innkjøpssamarbeid med andre kommunar på Haugalandet) er det lagt i krav om tilbod på elektriske bilar.

«7.4.1.2 Kommunen skal vedlikehalde kommunikasjon og skape møtepunkt med dei store industri- og næringslivsaktørane, der klima skal vere eitt av hovudpunkta.»

Kommentar: Sveio kommune har jamleg kontakt med næringslivet på ulike arenaer, men det er ikkje kjent at klima har vore særskilt tema i møte mellom næringslivet og kommunen etter 2011.

«7.4.1.3 Kommunen skal vere ein aktiv pådrivar for eit godt kollektivtrafikktilbod. Kommunen har jamleg dialog med fylkeskommunen / Skyss for å sikre eit godt og brukartilpassa rutenett med tenleg rutefrekvens.»

Kommentar: Kommunen har jamleg vore i kontakt med fylkeskommunen og Skyss, både politisk og administrativt, med mål om styrka skysstilbodet. Regional plan for areal- og transport på Haugalandet har ikkje Sveio som fokusområde ved framtidig kollektivtrafikksatsing, utan der har ein differensiert satsinga på kollektivtrafikk til å i all hovudsak gjelda for dei bynære hovudaksene. Utan satsing på eit høgare nivå vil det vera særers vanskeleg for Sveio å få til eit godt kollektivtrafikktilbod.

«7.4.1.4 Kommunen skal planlegge og tilstrebe samanhengande gang- og sykkelvegnett, og generelt leggje til rette for aktiv sykling, særleg til/frå arbeidsplass.»

Kommentar: Kommunen arbeidar kontinuerleg med å få lagt inn gang- og sykkelvegar i reguleringsplanar slik at dei kan byggjast ut så snart det vert løyva midlar. Særskilt gang- og sykkelveg frå Ekrene til Vikse skule har vore eit viktig tema.

«7.4.2 Tiltak»

«7.4.2.1 Alle nye kommunale kjøretøy som kjøpast inn / vert innleigde skal anten vere elbilar eller ha svært låge CO2-utslepp.»

Kommentar: Det blei kjøpt inn ein traktor i 2015 der det blei lagt fokus på å sikra lågast mogleg utslepp av CO2.

7.4.2.2 Etablere sykkelstativ ved alle kommunale bygg, kor syklar kan stå trygt og tørt. Oppfordre større arbeidsplassar i kommunen til å gjere det same.

Kommentar: Dette er i liten grad gjennomført. Statens vegvesen har nokre plassar ført opp sykkelskur ved busshaldeplassar.

«7.4.2.3 Næringslivet i kommunen oppfordrast til å synleggjere kor store CO2-reduksjonar dei bidrar til ved at dei nyttar ny miljøteknologi.»

Kommentar: Kommunen har ikkje tatt slikt initiativ.

«7.4.2.4 Nye næringsområde vert lagt nær stamvegen gjennom kommunen.»

Kommentar: Næringsområdet ved Ekrene og Hanaleite er delvis utvikla i åra etter 2011. Begge desse næringsområda ligg langs med stamvegar i kommunen. Komande kommuneplanprosess vil omhandle lokalisering av eksisterande og framtidige næringsetableringar. Det er verdt å nemne at ikkje all plassering av næringsområde/ næringsbygg langs stamvegar er klimavenleg.

«7.4.2.5 Oppfordre eigne kommunalt tilsette og skuleelevar til å gå eller sykle til/frå jobb eller skule.»

Kommentar: Dette er i liten grad gjennomført.

«7.4.2.6 Kommunen skal alltid først vurdere videokonferanse framfor flyreiser til eksterne møte.»

Kommentar: Dette vert ikkje gjort systematisk. Det er i liten grad innført videoteknologi.

7.4.2.7 Etablere ladepunkt for elbil i kommunen.

Kommentar: Dette er gjennomført nokre plassar som ved kommunehuset, ved Vikse skule og ved Åsvegen.

7.4.2.8 Opprette møteplass / nettstad for pendlarar på kommunen si heimeside, for å stimulere til auka samkøyring til/frå jobb.

Kommentar: Dette er ikkje gjennomført.

«7.5 Administrative og organisatoriske mål»

«7.5.1 Mål»

«7.5.1.1 Kommunen skal vere ein aktiv pådrivar i energi- og klimautviklinga lokalt.»

Kommentar: Ut frå gjennomgangen i dette notatet kan ikkje rådmannen påstå at dette målet er følgd opp.

«7.5.1.2 Samarbeid mellom kommunen og lokalt næringsliv for saman å nå ambisiøse energi- og klimamål.

Kommentar: Dette er i liten grad etterlevd. Viser elles til svar under punkt 7.4.1.2. og 7.4.2.3.

«7.5.1.3 Kommunen skal bidra til tett interkommunalt samarbeid innafor tema energi, klima og miljø.»

Kommentar: Dette er ikkje gjort. Det kan vera vanskeleg å få til samarbeid med bakgrunn i at kommunane ofte har kome ulik langt i planlegging av klimarelaterte spørsmål og ved gjennomføring av klimatiltak.

«7.5.1.4 Fokus på haldningsskapande arbeid retta mot barn og ungdom.»

Kommentar: Dette er i liten grad gjennomført. Det har i liten grad vore gjennomført på overordna nivå, då det er andre fokusområde i oppvekstsektoren men det er mogleg dette er tema i dei enkelte klassane på dei ulike skulane eller i barnehagane.

«7.5.1.5 Stimulere til mindre produksjon av avfall frå hushald og verksemder.»

Kommentar: Informasjon om forbruk og avfall vert gitt på ein grundig måte på vegne av eigarkommunane av deleigd interkommunalt selskap SIM IKS gjennom nettstaden sim.as.

«7.5.1.6 Kommunen skal redusere si årlege avfallsmengd med 15 %.»

Kommentar: Dette målet er i liten grad etterlevd systematisk frå kommunen.

«7.5.2 Tiltak»

«7.5.2.1 Inngå samarbeidsavtalar med nabokommunane. Avklare felles mål, tiltak og moglege samarbeidsprosjekt.»

Kommentar: Dette er i hovudsak ikkje gjort, jf kommentar i punkt 7.5.1.3.

«7.5.2.2 Kvalitet, emballasje og avfallsmengd skal vere med i vurderinga i kommunale innkjøp av varer og tenester.»

Kommentar: Innkjøpsreglement er ikkje rullert sidan 2010. Det ligg ikkje inne relevante formuleringar der.

«7.5.2.3 Sveio kommune er Miljøfyrtårnkommune.»

Kommentar: Sveio kommune er framleis miljøfyrtårnkommune. Tre eksterne aktørar er miljøfyrtårnsertifisert i Sveio kommune: Norsk Lek og park AS, Espira Solkroken AS og Sveio og Bømlo tannklinikkområde. Ingen kommunale einingar er sertifisert.

(<http://www.miljofyrtarn.no/dokumenter/vedlegg/702-liste-over-gyldige-sertifikater-fordelt-pa-fylker-og-kommuner-1/file>)

7.5.2.4 Klima og miljø skal vere eige tema i kommunen si årsmelding.

Kommentar: «Klima og energi» er tema i Sveio kommune sin årsrapport. Sjå til dømes Årsrapport for 2015 side 11.

7.5.2.5 Stimulere til gjenbruk av utdatert datautstyr

Kommentar: IKT-avdelinga arbeidar systematisk med å omdisponera og bruka eldre datautstyr som erstatningsmaskinar ved behov. Mellom anna har tidlegare leasingmaskinar for skulen vorte kjøpt ut for å ha som reserve. I helse- og omsorgssektoren har ein teke i bruk tynnklientar som PC i staden for berbare maskinar då desse har lengre levetid og ein får såleis lågare vedlikehaldskostnad.

Vidare arbeid

Med grunngeving at det fortsett er ein del relevante tiltak og utfordringar som ligg i energi- og klimaplanen for Sveio som ikkje er gjennomførte eller utbetra vil det vera føremålstenleg å vidareføra eksisterande plan til man innarbeidar dette i kommuneplanens samfunnsdel. På den måten kan kommunen fortsetja å arbeida med klima- og energispørsmåla i vente på at ny plan blir utarbeidd.

Ei viktig oppgåve i kommuneplanarbeidet i forhold til klima- og energispørsmål vil vera å avklara kva tiltak kommunen bør leggja fokus på for å oppnå best mogleg resultat i forhold til dei internasjonale, nasjonale og regionale måla for klima og klimatilpassing. Det må avklarast kva tiltak som gjev størst nytta, det vil sei kva klima tiltak som vert mest kostnadseffektive og effektfulle for å mellom anna redusera klimagassutslepp og energiforbruk i kommunen.

Dei overordna klimautfordringane vil uansett i stor grad fortsett vera like for Sveio og difor vil tiltak vist i planen frå 2011 fortsett vera aktuell å arbeida vidare med. Vidare oppfølging av overordna mål for klima- og energispørsmåla vil vera føremål for vurdering i samband med kommuneplanarbeidet, som i sin tur bør vera førande for det vidare energi- og klimaarbeidet i kommunen.

Det vil vera viktig å arbeida vidare med dei nye internasjonale, nasjonale og regionale forventingar til klimatilpassing og energibruk som har kome etter at planen blei vedteken. Desse blir ikkje nødvendigvis følgt opp dersom ein vidarefører planen frå 2011. Dette gjeld mellom anna føringar frå klimatoppmøtet i Paris i 2015 (Parisavtalen) der internasjonale forventingar til klimaspørsmåla blei presentert. Avtalen viser at alle land har plikter og at dei skal laga nasjonale planar for korleis dei skal kutta i klimagassutsleppa. Målet er at det ikkje skal bli meir enn 2 grader varmare, og helst ikkje meir enn 1,5 grader. Dette er forhold som bør innarbeidast i samfunnsdelen til kommuneplanen, før ein går vidare med å laga handlingsplanar for korleis ein kan gjera tiltak.